

Fiskeri- og kystdepartementet

PB 8118 Dep,

0032 Oslo

postmottak@fk.d.dep.no

AD: Høyringsvar vedr. høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Syner til høyringsbrev av 8.2.2013, som omhandlar forslag til regulering av den ståande biomassen i Hardangerfjorden og Langenuen til maksimalt 50.000 tonn. Sjøtroll Havbruk AS (SH) vil understreka at me står fullt ut bak høyringssvaret frå FHL i denne aktuelle saka. I dette dokumentet ynskjer me å peike på nokre av dei alvorlegaste fylgjene forskrifta vil få for SH og våre systerselskap i Lerøy Seafood Group (LSG).

Oppsummering:

Produksjonen: SH er ein del av LSG og samarbeider nært med våre systerselskap Lerøy Vest AS (LV) og Lerøy Fossen AS (LF) i Hordaland. LV og SH sin produksjon av smolt og matfisk i Hordaland gjev grunnlaget for all industriell vidareforedling som skjer i RexStar Seafood (RSS), Brandasund Fiskeforedling (BRF), Austevoll Laksepakkeri (ALP) og LF. Samla arbeidar over 600 tilsette med auren og laksen vår kvar dag.

SH har i dag 20 konsesjonar og 11 lokalitetar i forskriftsområdet Hardangerfjorden. Grunna soneinndelinga er me skeivt fordelt, noko som fører til at me får ein reduksjon av produksjonen, kalkulert til ca. **12 000 tonn** årleg som vist under.

Arbeidsplassar: Reduksjonen på 12 000 tonn utgjer ca. 4 månaders produksjon ved vårt slakteri, Brandasund Fiskeforedling AS (BRF) i Bømlo kommune og set vidareforedlinga i BRF og RSS i fare. I tillegg vil det slå tilsvarande ut for systerverksemdene LV, ALP og LF. Ein reduksjon på ca. 35 % i produksjonen på BRF vil i verste fall kunne medføre nedlegging av bearbeidingsverksemd i fleire av dei nemnde selskap med tap av over **150 arbeidsplassar**. Me kan vanskeleg sjå at dette kan vera eit mål for regjeringa.

Moglegheit for å flytte produksjon/biomasse: Me har tidlegare søkt på lokalitetar i Sognefjorden, der dei aktuelle lokalitetane var regulert som akvakulturområde i arealplanen. Me opplevde at **kommunane strauk AK-område i arealplan**, etter at me søkte om løyve på den aktuelle lokalitet. Fiskeridirektoratet har gitt kommunen medhald i avgjersla. Dette er eit døme på kor vanskeleg det er å flytta biomasse ut av forskriftsområdet.

Tiltak gjennomført i forskriftsområdet: Soneforskrifta for Sunnhordland vart innført for å redusera smittepress, dødelegheit og miljøtilhøva i området. **Som ei fylgje av soneforskrifta, er topp biomasse i forskriftsområdet auka**, då all produksjon vert gjort i 3 soner. Til trass for det faktum fører felles brakklegging av store areal til at produksjons- og miljøtilhøva har betra seg.

Me er sjølv sagt einig med FKD om at havbruksnæringa skal drivast etter langsiktige berekraftige prinsipp. Me understrekar at dei negative samfunnsmessige fylgjene den aktuelle forskrifta ville ført til om den vart vedteken ikkje på nokon måte kan forsvarast. Det er også viktig å få fram at forslaget til regulering vitnar om fråvær av kunnskap om næringa slik den vert driven i dag. Nokre moment i den samanheng er:

- Regionen er ikkje i ei særstilling samanlikna med landet elles. Dei biologiske tilhøva er fullt på høgde med dei nasjonale tilhøve. Utviklinga har vore god og vil, slik me ser det, utvikla seg til det betre. Ein kan vera freista til å spørja kva politiske motiv som ligg bak det sterke ynskje regjeringa har om særregulering.
- Ein reduksjon av produksjonen reduserer moglegheita til å vera innovativ og framtidsretta, dette som fylgje av drastisk auke i produksjonskostnaden.
- Regjeringa si negative haldning til framtidsretta industriell utvikling i regionen fører til at kompetansen me har bygd opp, både på sjø og land, vil ha mindre tillit til oss som arbeidsgjevar.
- Forskrifta hindrar moglegheita til å gjennomføra tiltak i lokalitetsstrukturen som me meiner har betre innverknad på dei biologiske tilhøva i regionen.
- Me som selskap kan ikkje påverka resultatet av forskrifta, då ein legg opp til «kollektiv» straff, ved reduksjon av produksjonen i forskriftsområdet.
- Moglegheita for å auka verdiskapinga og redusera miljøutsleppa, ved å bearbeida fisken før eksport, vert redusert/fell bort, då ein ikkje klarer å levera stabil mengde gjennom heile året. Det aktuelle tiltaket regjeringa har til høyring vil rasera grunnlaget for industriell utvikling innan vidareforedling i heile Hordaland.
- Me har hatt gode resultat i brakkleggingssone 5 og 7 etter at den gjeldande soneforskrifta kom. Dette gjeld overleving, tilvekst og påslag av lus. I område 4 har me også hatt betre resultat, men det kunne vore betre ved å unngå dispensasjonar for utsett som ikkje er i takt med soneforskrifta.
- Me meiner at den nye luseforskrifta og revisjonen av Nytek-forskrifta er eit tilstrekkeleg tiltak for å betra biologien og sikra anlegga ytterlegare i forskriftsområdet.
- Forskrifta aukar den administrative overvakinga både med statleg kontroll og selskapsvis kontroll med dei ulike biomassetaka. Dermed vert fokus flytta bort frå produksjonen til overvaking av dei ulike biomassetaka.

Produksjonen: SH disponerer i dag 25 konsesjonar med ein total MTB på 19 500 tonn, med ein produksjon på omlag 33.000 t sløyd fisk i 2012. Omlag 50 % av produksjonskapasiteten til SH ligg innafor forskriftsområdet, medan resten ligg i det me under kallar «Rest Vest». I dag har me ein konsern-MTB å ta omsyn til, men i praksis klarer ein ikkje å liggja på biomassetaket heile året. Skjematisk vil lokalitetar i dei ulike brakkleggingssonene verta slik:

Brakkleggingssoner	Forskriftsområde	«Rest Vest»	Totalt lokalitetar
Vår Partal (VP)	2	2	4
Vår Oddetal (VO)	3	2	5
Haust Partal (HP)	0	4	4
Haust Oddetal (HO)	4	1	5
Total antal lokaliteter	9	9	18
% av produksjonskapasitet	50 %	50 %	100 %

Ved innføring av ei forskrift med eit eige biomassetak i forskriftsområdet og eit utanfor, lyt me operera under to biomassetak. Dette fører til at me får ein direkte reduksjon i utnyttinga av begge biomassetaka, ettersom me ikkje klarer å nytta dei fullt ut heile året. I dag kan me nytta løyva, uavhengig av forskriftsområde, men innanfor region og selskap. Då tek me omsyn til MTB godkjent på lokalitet og konsern-MTB. Ved eventuell innføring av ei ny produksjonsregulerande forskrift, må me altså ta omsyn til to biomassetak i tillegg til MTB på lokalitet. I tabellane under har me illustrert dette:

Brakkleggingssoner	Forskriftsområde lok.MTB	«Rest Vest» Lok.MTB	Total lok.MTB	Total MTB
VP	10 140 tonn	5 460 tonn	15 600 tonn	19 500 tonn
VO	9 360 tonn	6 240 tonn	15 600 tonn	19 500 tonn
HP	0	13 260 tonn	13 260 tonn	19 500 tonn
HO	10 140 tonn	3 120 tonn	13 260 tonn	19 500 tonn
Total MTB	29 640 tonn	28 080 tonn	57 720 tonn	19 500 tonn
% av lok.MTB	51 %	49 %	100 %	

Vert det innført ei produksjonsregulerande forskrift, må SH ta omsyn til brakkleggingssoner og to biomassetak. 13 konsesjonar vert innanfor forskriftsområdet med eit biomassetak på 10 140 tonn og 12 konsesjonar i «Rest Vest» med eit biomassetak på 9 360 tonn, fylgjene vert større utanfor forskriftsområdet:

Brakkleggingssoner	Forskriftsområde lok.MTB	Forskriftsområde Biomassetak	«Rest Vest» lok.MTB	«Rest Vest» Biomassetak	Total MTB
VP	10 140 tonn	10 140 tonn	5 460 tonn	9 360 tonn	19 500 tonn
VO	9 360 tonn	10 140 tonn	6 240 tonn	9 360 tonn	19 500 tonn
HP	0	10 140 tonn	13 260 tonn	9 360 tonn	19 500 tonn
HO	10 140 tonn	10 140 tonn	3 120 tonn	9 360 tonn	19 500 tonn
Total MTB	29 640 tonn	10 140 tonn	28 080 tonn	9 360 tonn	19 500 tonn
% av lok.MTB	51 %		49 %	100 %	

Resultatet for SH med innføring av ei produksjonsregulerande forskrift, vert eit produksjonstap på ca. 12 000 tonn:

Total MTB	Prod 2012	Framtidig MTB i Forskriftsområdet	MTB i «Rest Vest»	Produksjon ved forskrift	Tap
19 500 t	33 000 t	10 140 t	9 360 t	21 042 t	11 958 t

Arbeidsplasser:

- **Setjefiskanlegg;** med ein reduksjon av produksjonen på 12 000 tonn, reduserer ein tronga for setjefisk med om lag 3,8 mill. stk. Dette vil føra til nedlegging av fleire setjefiskanlegg, med mange tilsette.
- **Matfiskanlegg;** Ein reduksjon av produksjonen på 12 000 tonn gjev ein nedgang i tronga for arbeidskraft, der me kan måtte gå med redusert antal tilsette pr. lokalitet i forskriftsområdet.
- **Sørvisavdelinga;** Med reduksjon i produksjonen, vert det også ein reduksjon i aktiviteten for sørvisavdelinga og dermed reduksjon i talet på tilsette. Dette gjeld t.d. notvask for å betre effekt av leppefisk, notskifte, vedlikehald og leveringar.
- **Pakkeri og bearbeiding;** SH eig Brandasund Fiskeforedling (BRF) som pakkar/vidareforedlar det meste av laksen og deler av auren (det som ikkje går til Lerøy Fossen si vidareforedling i Osterøy). BRF har også en filetavdeling der me som følgje av dei tilpassingar me måtte gjere på grunn av soneforskrifta allereie har mista volum til vidareforedlinga. Her har me ikkje fått tilbake leveringane av filet som me hadde før stoppen. BRF leverer laks og aure for bearbeiding til RexStar Seafood (RSS), som også er heileigd av SH. Med ein reduksjon i produksjonen på 12 000 tonn, utgjer dette 35 % av den årlege produksjonen, og dermed reduserer ein grunnlaget for all slakting og vidareforedling i Bømlo. Det er enormt kostnadskrevjande å køyre halve skift, så det kan verta aktuelt å kjøpa pakketjenester i andre område. Fylgjene av dette kan bli at SH må leggja ned RSS med 30 lønsame arbeidsplassar på Tysnes, og BRF kan bli nedlagt med sine 85 lønsame arbeidsplassar på Bømlo. Dette er arbeidsplassar med mange kvinnelege tilsette som er vanskeleg å erstatta i denne regionen.
- **Totalt kan det dermed relativt hurtig verta lagt ned over 150 lønsame arbeidsplassar i Sjøtroll Havbruk AS, Lerøy Fossen AS og Austevoll Laksepakkeri AS som ei direkte følgje av regjeringa sitt forslag. Det er lite motiverande for oss som kvar dag arbeider for at også samfunna i kystnære strok skal overleva.**

Moglegheit for å flytta biomasse:

SH søkte i 2009 på 4 lokalitetar i Sognefjorden. Søknaden skulle leggja grunnlaget for ei avdeling i Sogn og Fjordane, som er innanfor Fiskeridirektoratet Region Vest. Dette vart ikkje vellukka, ettersom me opplevde at kommunar, heilt vilkårleg og utan seriøs grunngeving strauk AK-område frå godkjend arealplan. Dette skjedde altså etter at me søkte om løyve på den aktuelle lokalitet. Utruleg nok gav Fiskeridirektoratet kommunen medhald i avgjerla. I tillegg tok det lang tid før dette vart ferdig handsama av myndighetene. Saka vart ikkje endeleg avgjort før i 2012, nesten 3 år etter at me søkte. Me har store vanskar med å tru på moglegheita å flytta biomasse ut av Forskriftsområdet. **Vedtaket i Sogn og Fjordane gav oss ein alvorleg knekk i tilliten til dei rammevilkåra som gjeld og moglegheita til å ha langsiktig planlegging og forutsigbar drift.**

Driftseiningar, drive etter same krav som «grøne» konsesjonar:

Vilkåra til «grøne» konsesjonar kom ut på høyring 2.3.2013, med frist for merknader satt til 18.4.2013. Ut frå dette, veit me ikkje kva vilkår som vert vedtatt. Me meiner derfor det er for tidleg å ta omsyn til denne moglegheita i vårt høyringssvar. Me vil for god ordens skuld leggja til at industriell utvikling krev kapital og årelang satsing. Me finn det derfor noko merkelig at regjeringa gjev oss veker i planleggingshorisont. Det er uråd å investera i industri dersom regjeringa planlegg å endra råmevilkåra slik dette høyringsforslaget legg opp til.

Tiltak gjennomført i forskriftsområdet:

Dei siste par åra har SH investert NOK 100 millionar i båtar og utstyr for å betra den biologiske produksjonen. Dette gjeld til dømes effektiv røkting av leppefisk og kapasitet til å gjennomføra naudsynt avlusing innanfor fastsette tidsfristar. Desse investeringane er gjort lokalt og har skapt store ringverknadar også for annan industri.

Mattilsynet innførde i juli 2010 eigne brakkleggingssoner i Forskriftsområdet. Dette inneber at lokalitetar innafor same sone, skal ha brakklagd lokalitetane i minimum to månader kvart andre år, og med ein månad «kjernebrakklegging». I praksis har dette ført til at lokalitetane ligg brakklagd mellom to og åtte månader kvart andre år, med dei praktiske og økonomiske utfordringane dette fører med seg.

Denne omlegginga har medført store kostnader for SH. Me har fjerna to matfisklokalitetar i Åkrafjorden med ein samla lokalitets-MTB på 6.240 tonn og her lagt ned seks arbeidsplassar. I vår-partal sonen i Hardangerfjorden hadde selskapet fem lokalitetar med ulike utsettstidspunkt. Dette har ført til at me i dag nyttar to lokalitetar til vår- partalsutsett, og ei rekkje arbeidsplassar er dermed gått tapt. Selskapet har også etablert nye lokalitetar i vår-oddetalsoner, for å få balanse i utsetta og tilpassa sonene, både innanfor og utanfor forskriftsområdet. Ein har også måtta flytta fisk, slakta små fisk og lokalitetar har stått over utsett, alt dette for å koma i takt med resten av lokalitetane i sona.

Selskapet har ein konsern-MTB på 19.500 tonn, og me var ei tid ned i 12.500 tonn som ein konsekvens av tiltaka nemnd over. Tiltaka medførte at BRF ein periode vart stengd, fordi me ikkje hadde fisk til slakt. Dette har også medført at me har mista kontraktar på filetmarknad, som me enno ikkje har greidd å ta tilbake. Desse tiltaka som me gjorde for å koma i takt med brakklegginga, har vore svært kostnadsdrivande for selskapet. Me meiner desse tiltaka er tilstrekkelege.

Sjølv om alle desse tiltaka vart dyre for oss med dramatiske konsekvensar på kort sikt, såg me likevel dei positive langsiktige forbetringar dette ville gje oss, då me håpa på langsiktige forutsigbare rammevilkår. Det er derfor svært uheldig om me no skal utsetjast for fleire kostnadsdrivande og øydeleggjande reguleringar utan at ein kan dokumentera at tiltaka har noko for seg.

Lerøy Vest, KF-Oppdrett og SH har laga ein felles plan for lokalitetane dei disponerer sør for Bergen, som også gjeld Forskriftsområdet. Tiltaka selskapa har foreslått for Mattilsynet, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet og Fylkeskommunen, er vist i vedlegg 1. Tiltaka vil føra til færre, men større lokalitetar i heile Midt- og Sunnhordland. Desse tiltaka vil føra til større avstand mellom lokalitetane og dermed redusera påverknaden mellom lokalitetane, biologien vert mykje betre. Samla sett vil den føreslåtte skissa redusere lokalitets-MTB i forskriftsområdet med om lag 5.500 tonn. Dette er tiltak som no må setjast på vent, då den nye forskrifta hindrar dette arbeidet. I § 5 går det fram at *«det ikkje er tillat å gje løyve til etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Vidare vil det ikkje vera tillat å gje melding om samlokalisering av løyve til havbruk inn til eller innanfor verkeområdet.»* Me meiner det er trist at konstruktive og fagleg dokumenterte endringar ikkje vert godkjent.

Soneforskrifta skal reviderast hausten 2013, og då kan FKD vera ein pådrivar ovanfor Mattilsynet til å forlenga brakkleggingssone 4 vidare inn forbi Varaldsøy og til botn av fjorden. SH meiner at eit slikt tiltak har mykje større positiv påverknad på fiskehelse og dyrevelferd i Hardanger enn å redusera produksjonen og der igjennom «strupa» årelang satsing og utvikling innanfor vidareforedling. Samtidig har Havbruksnæringa i forskriftsområdet økonomisk moglegheit til å vere innovativ i tiltaka mot røming og betra biologi i produksjonen.

Me etterlyser konstruktiv dialog basert på kunnskap og fakta, ikkje tiltak tufta på det som synest å vera tru og følelsar. Det er med undring vi registrerer at politiske leiarar ytrar seg om vår industrielle aktivitet som om det me driv med var ei lita attåtnæring. Dersom me skal halda fram med å skapa industriell aktivitet, investeringar og sysselsetjing i kystnære strok er det trong for langt meir langsiktig kunnskapsbasert dialog.

Avslutning:

Sjøtroll Havbruk meiner at framlegget om 50.000 tonn ståande biomasse i Forskriftsområdet vil føra til ein kraftig reduksjon i produksjonen i regionen utan at det kan provast at dette har innverknad på røming eller lus på villaks og sjøaure. Den foreslåtte forskrifta vil føre til dramatiske konsekvensar for fleire av LSG sine verksemder, alle i kystnære strok. Regjeringa sitt forslag vil råka oss hardest i kommunane Tysnes, Bømlo, Austevoll og Osterøy der altså meir enn 150 arbeidsplassar står i fare for nedlegging.

Det er viktig for oss å leggja til at regjeringa sitt forslag sjølvstendig effektivt vil hindra industriell satsing i åra som kjem. Ringverknadane av slik politikk ser ein først nokre år fram i tid. Det er eit paradoks at der ein over fleire tiår har investert i vidareforedling skal verta utsett for denne type forslag. Me registrerer at næringsministeren til dels er «reisande» i å redde fabrikkar i anna næring, kva er det som gjer det naudsynt å rasera grunnlaget for våre aktivitetar? Det kan koma tider då også Noreg har trong for levedyktige verksemder innan havbruk som kan finansiera godane som nasjonale politikarar kappast om å dela ut.

Sjøtroll Havbruk ber om at dei tiltaka som er sett i verk, seinast den nye forskrifta frå 1.1.2013, må få tid til å virka før ein set inn nye tiltak. Me ber også om at me som selskap får same rammevilkår som resten av næringa, og ser ikkje behovet for ei kollektiv straff for dei som driv i forskriftsområdet.

Vedlegg

Bekkjarvik, 22.3.2013

Med venleg helsing
Sjøtroll Havbruk AS



Willy Berglund
Administrerende direktør